


## Prosesskart – kva gjer du når du er bekymra for eit barn?

Dei som arbeider med barn 0 -18 år



\*Ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald i nære relasjonar skal IKKJE foreldra informerast først. Du skal då kontakte politi/barnevern jamfør vedlegg 1.

## Rettleiar – forpliktande samarbeid når vi er bekymra

Steg for steg	Bekymringa sin saksgang	Kommentarar
<b>1</b>	<b>Kartlegg bekymringa di</b>	<p><b>Det er ”noko” ved ..... som vekker bekymring eller undring hjå deg. Kva er dette ”noko” – konkretiser</b></p> <p>Gjev deg sjølv tid til å kartlegge, - still følgjande spørsmål til deg sjølv:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er det som vekker bekymring? (sjekk i forhold til ”Frisk – riskfaktorar”)</li> <li>• Kvifor vert eg bekymra over dette? (har det samanheng med mine egne verdiar/haldningar, er eg for snever, tolerant, intolerant)</li> <li>• Kor ofte skjer dette? I kva situasjonar?</li> <li>• Kor lenge har dette vart? Er det andre her på arbeidsplassen som er bekymra?</li> </ul>
<b>2</b>	<b>Orienter din nærmaste overordna</b>	<p>Du kan med fordel dele di bekymring med ein annan vaksen (anonym drøfting);</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ein arbeidskollega, eller ein frå ein annan instans for å finne ut om dette er bekymringsfullt.</li> </ul> <p>Ta likevel opp bekymringa di med leiaren din i etterkant av den anonyme drøftinga.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• eit problem skal aldri berast aleine</li> <li>• del det med ein du stolar på</li> <li>• informer nærmaste overordna</li> </ul>
<b>3</b>	<b>Førebuing til samtale med føresette (og ungdom)</b>	<p>Tenk over følgjande når du planlegg samtalen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er målet med ein evt. samtale? Kva ønskjer du å oppnå?</li> <li>• Kva er vesentleg/uvesentleg å ta med i samtalen.</li> <li>• Når skal samtalen finne stad? (Det er eit poeng å unngå og ta opp vanskelege tema rett før helg, ferie og liknande.)</li> <li>• Kvar skal samtalen finne stad? (Finn eit rom som kan vere komfortabelt for alle)</li> <li>• Kven skal delta? Vurder om ungdommen bør vere med. Dersom ikkje ungdommen sjølv er tilstade, bør det i samråd med ungdommen finnast fram til ein talsperson som skal presentere ungdommen sitt syn.</li> </ul> <p>• Søk å oppnå størst mogleg likskap i tal</p>

	<p>møtedeltakarar frå privat part kontra offentleg part. Ha med færrast mogleg.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Målet er å få til eit samarbeid basert på likeverd og brukarmedverknad.</li> <li>• Kor lang tid skal settast av til samtalen? På kva måte bør innkallinga skje? (T.d er det ikkje lurt å sende lapp med barna heim.)</li> </ul>
<p><b>Tilhøvet mellom foreldre og barn/ungdom.</b></p>	<p>Når det gjeld barn under 18 år er det i utgangspunktet foreldra som har foreldreansvaret. Det er foreldra sitt ansvar å handle til det beste for barnet og tilsvarende rett til å bestemme. Ettersom barnet blir eldre og ungdom, og dannar seg egne synspunkt skal barnet verte høyrte. Frå det er 12 år skal det leggast vekt på barnet si meining. Barnet skal etter kvart ha større sjølvråderett, men foreldra har framleis det overordna ansvaret. Barn over 16 år avgjer sjølv kva opplysningar foreldra skal få frå helsetenesta. Men dreier det seg om svært alvorlege avgjerder, har foreldra krav på informasjon og rett til å bestemme i kraft av foreldreansvaret. Det kan vere problemstillingar knytt til informasjon/kven skal ha informasjon når foreldra er skilde og foreldreansvaret er delt. Ver merksam på at problem eller meiningar barnet må ha, treng ikkje bestandig å kome fram i samtaler saman med foreldra. Det kan vere hensiktsmessig å legge til rette slik at barnet føler det trygt å legge fram sine problem/meiningar.</p>
<p><b>4 Samtale med føresette/ungdom.</b></p> <p>Har føresette same bekymring som deg?</p> <p>Har dei andre bekymringar enn deg?</p> <p>Avtale for vidare arbeid?</p> <p>Har dei inga bekymring?</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Snakk med føresette/ungdom om bekymringa di så tidleg som mogleg.</li> <li>• Ver konkret. Det er viktig å få til konstruktiv samtale før det blir konflikter.</li> <li>• Gjer hensikten med samtalen. Ver tydeleg. Ikkje pakk inn.</li> <li>• Den som har kalla inn til møtet har ansvar for samtalen.</li> <li>• Del bekymring - ikkje anklage. (det kan lett skje at føresette oppfattar bodskapen som kritikk)</li> <li>• Lytt til føresette og ungdommen sine opplevingar og forslag.</li> <li>• Set opp forslag til tiltak som skal prøvast.</li> <li>• Lag skriftleg avtale om kva tiltak som skal settast i verk, kor lenge dei skal prøvast, om og ev. kva andre instansar</li> </ul>

	<p>som er naturleg og ønskjeleg å samarbeide med.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk skjemaet: ”Avtale etter bekymringsamtale”</li> <li>• Dersom føresette/ungdom avviser det du presenterar, er ueinig og/eller ikkje ønskjer samarbeid angående eigen situasjon, er det viktig å snakke med føresette om kva konsekvensar det kan få dersom ikkje god og nødvendig hjelp blir sett inn. Orienter så leiaren din. Informer om saka. Legg ved det du har av skriftleg dokumentasjon. Drøft kva som skal skje vidare.</li> </ul>
<b>Ettersamtale for kollegaer</b>	<p>Etter samtalen med føresette/ungdom kan det vere lurt å gjennomføre ein ettersamtale med kollega, evt. leiar. Dette for å få ut/sortere kjensler, sette ord på korleis samtalen gjekk, kva kunne vore gjort annleis, kva vart oppnådd og liknande. Innhaldet i ettersamtalen kan med fordel takast opp med føresette, gjerne rå til at dei gjer tilsvarande.</p>
<p><b>5 Oppfølgingsmøte</b></p> <p>Kven er med på møtet?</p> <p>Deler alle same bekymring?</p> <p>Avtale for vidare arbeid (handlingsplan)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innkall til nytt møte, i samsvar med avtaleskjemaet.</li> <li>• Gjer greie for bakgrunn for første samtale og kva ein vart einige om.</li> <li>• Lag i dette møtet ein handlingsplan for dei tiltak som skal settast i gang, kven som skal ha ansvar for kva, og sett dato for evaluering.</li> </ul>
<p><b>6 Evaluering av tiltak, justering av handlingsplan</b></p> <p>Fører ikkje tiltaka til ønska endring?</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dersom tiltaka ikkje verkar etter hensikt og den uheldige utviklinga held fram, ta saka opp med leiar. Gjer greie for saka. Legg ved det du har av skriftlig dokumentasjon. Drøft kva som skal skje vidare.</li> <li>• Er bekymringa av ein slik karakter at det må vurderast å sende tilvising til annan instans?</li> <li>• Ved usikkerheit kan saka drøftast anonymt eller ope med tverrfagleg team i kommunen (HSP, FamilieForum), evt. barnevernet.</li> <li>• Dersom ein vurderer at saka bør tilvisast til PPT, lege evt. andre innanfor helsevesenet, er det foreldra som har ansvar for det. Hjelpeinstansen bør hjelpe føresette/ungdom med dette.</li> <li>• Dersom ein vurderer at saka bør tilvisast til barnevernet, er det viktig at føresette og ungdom er orientert. Kall inn til møte, gå gjennom bekymringa. La føresette få</li> </ul>

	kopi av meldinga, evt. kall inn barnevernet til møte saman med foreldra.
<p>”Uten hinder av teieplikta skal offentleg tilsett gje opplysingar til kommunen sin barneverneteneste når det er grunn til å tru at barnet blir mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlige atferdsvansker.”</p> <p>Ved mistanke om seksuelle overgrep, fysisk mishandling, der vald og truslar om vald blir brukt som maktmiddel eller der viktige bevis kan gå til spille eller liv og helse står i alvorleg fare skal henvendelse til politi og/eller barnevern skje UTAN at foreldre vert kontakta!</p>	

